**UNIVERSITETET I BERGEN**
**DET PSYKOLOGISKE FAKULTET**
**INSTITUTTRÅD VED Institutt for pedagogikk**

Arkivsaksnr.:2015/373

Møtet vart helde torsdag 7. mai kl. 13:00-15:00, på møterom 425, Vektergården, Christiesgt. 13.

Medlemmar til stades
Gruppe A: Astrid Tolo, Steinar Bøyum, Hanne Riese, Bjarte Furnes
Gruppe B: Line Hilt
Gruppe C: Øystein Steine Larsen
Gruppe D: ingen

Forfall: ingen
Observatørar: ingen
Sekretær: Øystein Steine Larsen

**REFERAT:**

| | | |
|---|---|---|
| **I** | **2015/373** | **GODKJENNING AV SAKSLISTE**<br><br>Sakslista vart godkjent. |
| **II** | **2014/1435** | **GODKJENNING AV REFERAT**<br><br>Referatet frå møtet 23. mars 2015 vart godkjent. |
| **III** | **2015/373**<br><br>15/3589 | **ORIENTERINGSSAKER**<br><br>1. Høyring Djupedalsutvalet *IPED svarer. Instituttrådet føreslo Astrid Tolo, Hanne Riese og Anne Grete Danielsen som arbeidsgruppe.*<br>2. Nasjonale forskarskulesøknader. *IPED er med på to Nasjonale forskarskulesøknader: REX-ED med UiO som hovudsøkar samt GHiGs søknad frå UiB/Det psykologiske fakultet.*<br>3. Utlysing av stipendiat- og postdoc-stillingar ved fakultetet<br>4. Forskingstermin – søknader 2016<br>5. Personalsituasjon IPED haust 2015<br><br>**DISKUSJONSSAKER**<br><br>1. Professor II ved IPED: diskusjon om framtidig kompetansebehov knytt til professor II-stilling ved instituttet.<br>*Tilsettingsperioden for Professor II-stillinga til Svend Brinkmann, knytt opp mot stipendiatane ved IPED, var 3-årig og går ut sommaren 2015. Instituttrådet evaluerte perioden som har vore og diskuterte om kompetansebehovet er det same no som for 3 år sidan med tanke på ein professor II knytt opp mot instituttet. Instituttrådet konkluderte med at professor II-stillinga Brinkmann har innehatt har tilført instituttet mykje og at den breie kompentansen Brinkmann innehar også vil vere verdifull og nyttig for instituttet i framtida – også på eit breiare plan enn direkte inn mot stipendiatane. Instituttrådet ønsker difor at Brinkmann får tilbod om forlenging av professor II-stillinga.*<br>2. Universitetsstyresak 27/15: utreiing om samarbeid lærarutdanningane ved UiB og HiB: Diskusjon om instituttets involvering frametter.<br>*Instituttrådet diskuterte særeigenheter ved fagmiljøet ved IPED. Rådet framheva at det vil vere viktig å vere aktive med å setje premissene for utviklinga frametter med tanke på samarbeid med HiB. Noko av utgangspunktet vil vere stabilt, som at IPED har lang erfaring med stipendiatoppfølging og PhD-utdanning. Fagmiljøet har også lang* |

| | | |
|---|---|---|
| | | *erfaring med utdanning på masternivå. Andre premisser er ikkje avgjort ennå: viss IPED til dømes skulle få tilslag på søknaden til KD om å huse eit senter/fagmiljø for læringsanalyse, vil det kunne verke sterkt inn på planlegginga.*<br>3. Ny strategi for Universitetet i Bergen 2016-2022 – diskusjon om vidare behandling på instituttnivå. *Instituttrådet anbefalte at det blir arrangert eit allmøte ved instituttet der utkastet til strategiplan blir gjennomgått og at dekan blir invitert til å delta på dette møtet.*<br><br>Rådet tek orienterings- og diskusjonssakene til etterretning. |
| **Sak 7/15** | **2015/4133** | **Instituttråd IPED valforsamling gruppe B (1. august 2015 - 31. juli 2016)**<br>Instituttrådsrepresentant Line Hilt var ugild i denne saka og var ikkje til stades i rommet under saksbehandlinga.<br><br>**Vedtak:**<br>Instituttrådet ved institutt for pedagogikk vel som valforsamling følgjande medlemmer som<br>representantar for gruppe B (1. august 2015 til og med 31. juli 2016):<br>--------<br>Gruppe B- Midlertidig vitenskapelig ansatte<br>Kandidat: Ingunn Johanne Ness<br>Varakandidater:<br>1.vara: Kjetil Egelandsdal<br>2.vara: Martin Per Samuelsson<br>3.vara: Line Hilt |
| | | **Eventuelt**<br>1. ingen saker |

Astrid Tolo
Instituttleiar

Øystein Steine Larsen
Sekretær